

Saksframlegg

Saksbehandlar: Arvid Stenehjelm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/3975-1

Skriv og meldingar - fylkesrådet for funksjonshemma 2014

- 1) Fylkesrådet for funksjonshemma tek skriv og orienteringar til vitande.
- 2) Fylkesrådet for funksjonshemma sine tilrådingar og kommenterer til kvar einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.
- 3) Fylkesrådet for eldre sine meldesaken vert protokollførte.

Meldesak 1)

Sekretærstøtta for arbeidet i fylkesrådet skal takast i vare. Støttefunksjonen vert ein del av oppgåveporteføljen til ein nyleg utlyst 100 % stilling. I tillegg vil organisasjonen sine sektorar vere ansvarleg for å fremje relevante saker for rådet.

Konklusjon/vedtak:

Meldesak 2)

Årsmelding 2013 - brukarutvalet i Sogn og Fjordane. På bakgrunn av retningsliner vedtekne av koordineringsrådet, vart det felles brukar-utvalet for kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde konstituert og oppstarta. Oppretting av felles brukarutval bygger på eit ønskje om at dialogen og samarbeidet i eit slikt utval også skal femne om tema som gjeld kommunale helse- og omsorgstenester. Dette er i tråd med tilrådinga i nasjonal rettleiar utgitt i samband med samhandlings-reforma. Ein er likevel ikkje kjent med andre område i landet som har etablert ei slik løysing. Partane har gitt uttrykk for at det felles utvalet har fungert godt i oppstartåret.

Konklusjon/vedtak:

Meldesak 3)

Nytt fylkeshovudverneombod frå 1. august! Utdanningsforbundet har peika ut Anne Kari Hagen til nytt fylkeshovudverneombod (FHVO) frå 1 august 2014. Anne Kari er tilsett som adjunkt ved Luster vidaregåande skule.

Konklusjon/vedtak:

Meldesak 4)

Kort evaluering av fylkesrådet sitt seminar den 3.april 2014.

Konklusjon/vedtak:

Meldesak 5)

Innleiar med tema I

Fylkesrådet for funksjonshemma har invitert innleiarar til to ulike tema. Frøste tema er ved bygge- og eigedomssjef Jan Tore Rosenlund om kartlegging av fylkeskommunale bygg – universell utforming og tilrettelegging. Sjå vedlegg.

Konklusjon/vedtak:

Meldesak 6)

Innleiar med tema II

Om prosjektet «Aktiv» Magne Vivelid frå Gaular kommune. AKTIV er eit samarbeidsprosjekt mellom NAV Gaular, helse- og sosialetaten i Gaular kommune og Gaular Frivilligsentral. Frivilligsentralen er leiar og eigar av prosjektet, med NAV og helse- og sosialetaten som medeigarar. Styringsgruppa er samansett av NAV – leiar, helse- og sosialsjefen og dagleg leiar i frivilligsentralen. Sjå vedlegg.

Konklusjon/vedtak:

Meldesak 7)

Ymse

Konklusjon/vedtak: